



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for mars 2022.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
57



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Anne Gry Eilertsen
Visepres: Idar Flø
Sekretær: Vegard Gjerde
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Oskar Grimstad
Styremedlem: Bernhard Harkjerr
Ansv.red.: Hans Gisle Holstad
Referent: Vigdis Rise

Lagnad sa vi

når vi slumpa i å snåve i einkvan
lagnad sa vi
og filtra oss redde inn i kvarandre
lagnad sa vi
og avlo å få låst opp lenkene
men let dei sløvt gro inn
lagnad sa vi
og kasta alle nøklane i havet
lagnad sa vi
og la fleire tunge bører på den berande
lagnad sa vi
og smitta barn med øydeleggjande sjukdommar
lagnad sa vi
når folk i grannelaget svalt i hel
lagnad sa vi taktfast
hamra spikar inn i kista
og overdøyvde protestane til han som låg der
lagnad sa vi
og sette tunge steinar over opprørsmenn
(som vi var redde at dei skulle kome opp or jorda
att)
lagnad sa vi
medan nye hemmelege transportar rulla tungt
forbi
og prestar gjorde krosstegn over alle segl
lagnad sa vi
til barns beinstumpar og brende andlet

Llgnad seier vi
og vaskar ikkje berre hendene
men legg dei frå ogg og.

Arnlyot Eggen

Referat frå Rotarymøte 7. mars 2022.

Vanleg åpning med song og div. opplysningar m.a.brev frå Guvernøren vedr støtte til krise vedr krigen i Ukraina. Deretter fekk Inga Ishild Hareide ordet: ho heldt eit eit interessant innlegg om heksebrenning i Noreg opp gjennom tidene. Dei fleste som vart brende på bål eller halshogde for "trollskap" var kvinner. I morgon er den internasjonale kvinne dagen 8 mars , vi gratulerer!



Referat frå Rotarymøte 14. mars 2022.

Presidenten opna møtet. Ho fortalde at klubben hadde fått oppmoding frå sentralt hald om å arrangere tilstelling og vere med på økonomisk gåve til støtte for Ukraina. Styret hadde svart ja til oppmodinga. Sannsynleg at det vert ved Osen laurdag eller sundag.

På programmet i dag var besøk av Grimstadkoret som dette året fyller 80 år.

Koret har i dag 25 medlemmar. Det var 18 som vitja oss i dag. Med dirigent Arild Grimstad, gav dei oss ein flott konsert. Etter 4 songar heldt Ottar Grimstad eit kåseri om historia til koret gjennom dei 80 åra. Det starta som ein kvartett i 1942. Etter kort tid vart det dobbel kvartett. Alle med unntak av ein (Asbjørn G Flø) hadde Grimstad som etternamn. Johan H Grimstad vart leiar, ei rolle han hadde til han døydde i 2006. Koret kalla seg Storm. Ein av brørne frå Iver-garden, Magne med sine 94 år, var med frå starten og er framleis med. Til slutt gav dei oss 4 nye songar.

Koret fekk god applaus for dette kulturprogrammet. Presidenten takka koret for besøket. Ho trudde det var første gong klubben hadde eit slikt program.

Sverre Bjåstad vikarreferent for Vigdis.



Søndag 20. mars

arrangerte vi marsj til støtte for Ukraina i forbindelse med krigen i landet. Apell ved president Anne Gry Eilertsen og framføring av den Ukrainske nasjonalsongen av Natalie Overå og hennar husstand.



Referat frå Rotarymøte 21. mars 2022.

Vanleg opning med song!

Gjesten i dag var Lsr's Ove Mork som er leiar i bedrifta HS Rise Bygg. Han fortalde om korleis dei driv bedrifta og korleis dei ser vidare drift framover



Referat frå Rotarymøte 28. mars 2022.

Programfritt som vanleg,